

Bufellesskapet på Stølen tømt, men ikkje nedlagt.

24.01.2018



Bufellesskapet på Stølen vert tømt, men ikkje nedlagt inntil det føreligg formelt vedtak.

**Bufellesskapet for einslege mindreårige flyktningar på Stølen vert tømt. Fire unge brukarar flyttar dermed ut. Inntil det føreligg eit formelt vedtak på nedlegging, vert tenestetilbodet oppretthalde. For kort sidan vart eit liknande bufellesskap på Valen nedlagd. Tilbodet i Herøysundet held fram inntil vidare.**

Avdelingsleiar Vigdis Gammelsæther fortel til Kvinnheringen at ingen av ungdomane, som har budd på Stølen, vert rekna som 'oktoberbarn' og står dermed i fare for å bli sende attende til heimlandet sitt. Alle fekk opphold i tre år og vil få forlenga opphaldet sitt i Noreg fram til dei kan søkja norsk statsborgarskap.

Det vert arbeidd med å finna gode alternative burordningarr for ungdomane. Det kan vera familiegjenforeining eller fosterheim. Ei vil vera lydhøyre for kva brukarane sjølv ønskjer. Barnevernet og verje vil vera viktige partar i drøftingane for å finna gode løysingar.

Tenestetilbodet for einslege mindreårige flyktningar har så langt vi kjenner til, fungert godt i Uskedalen. Ungdomane har vore inkludert og aktive på ulike fritidsaktivitetar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal